

ÅRSRAPPORT FOR PROSTIDIAKONEN I VEST-TELEMARK FOR 2007

Innhald:

1. Oppsummering og utfordringar
2. Arbeidsområde
3. Statistikk
4. Aktivitet

Diakoni er kyrkja si omsorgsteneste. Den er evangeliet i handling og blir uttrykt gjennom nestekjærleik, inkluderande fellesskap, vern om skaparverket og kamp for rettferd."

(Plan for diakoni 2008)

1. OPPSUMMERING OG UTFORDRING.

Fyrste januar 2008 fekk Kyrkja ny Diakoniplan. Planen vil bli eit viktig verkty for å utvikle diakonien i kyrkjelydane. Under diakoniplandrøftinga på Kyrkjemøtet i haust oppmoda biskop Skjevesland norske kyrkjelydar til å lage spleiselag om prostidiakonstillingar, og syntte til gode røynsler med slike stillingar i Otredal og Vest-Telemark prosti. Prostidiakonstillinga var i si tid Vest-Telemarks kreative måte å møte trongen for meir diakoni i grisgrendte strøk- og i kyrkjelydar utan dei store ressursane.

Sist år har igjen fått vandre pilegrim gjennom Vest-Telemark. Eg blir alltid og stolt over måten pilegrimane vert møtt på. Rein diakoni, kan ein kalle det. Nytt av året er samarbeidet mellom kommunepsykiatrien , Dps i Seljord og arbeidsmarknadsbedrifta Vi-To Kompetanse om å ei vandring frå Vinje til Røldal hausten 2008.

Fint er også samarbeidet med Skogsleiren i Fyresdal. Jolegudstenesta, i skogsleirlavoen, med innsette, visitorar og tilsette samla kring eit bål, set dei gamle evangelieorda inn ein god samanhang. Sist år er det gjennomført over fem hundre og førti samtaler og besøk. Dette grasrotarbeidet er det grunnleggande i diakonitenesta i Vest-Telemark.

Prostidiakonen organiserer elles "Leva-Vidare gruppene". Gjennom "Leva-vidare-grupper", diakoniutval, sokneråd, økonomirådgeving og diakonitenesta for skogsleiren i Fyresdal, er over seksti friviljuge engasjert. Før jul vart det nok ein gong delt ut oppmuntringspakkar til nokon som kunne trenge det. I august var Diakonitet medarrangør på ein klimadag på Møsstrand.

Som oppfølging av fjorårets verdiseinar "Vest-Telemark fylla" utfordra me Vest-Telemark Rådet til å sjå om ein kan samarbeide om alkoholpolitiske retningsliner i regionen. Rådet har hatt fleire drøftingar på saka, og sette ned ei arbeidsgruppe. Innstillinga syner ei monalege auke i alkoholkonsumet i Vest-Telemark. No vert saka sendt dei einskilde kommunestyra, som får avgjere om dei går inn for tettare samordning av ruspolitikken i Vest-Telemark.

Mange ser problemet med det auka alkoholkonsumet, men det er ikkje alltid like lett å finne dei rette tiltaka. Kampen for rettferd og vern om skaparverket er viktige ting for framtidas diakoni. Alt no gruar eg meg til barnebarn som spør: Kva gjorde du for å berge miljøet, bestefar? Så kan heller ikkje diakonien utvikle seg utan inkluderande fellesskap. Fellesskap som spring ut frå gudstenestefeiringa og der let oss få møte den Nådige og Oppstandne Kristus.

Sidan 1985 har Vest-Telemark hatt Prostidiakon. Prostidiakonen i Vest-Telemark er eit samarbeid mellom sokneråd og kyrkjelege fellesråd i Tokke, Vinje, Nissedal, Kviteseid og Fyresdal. Pengane til stillinga kjem dels frå dei samarbeidande partane, kyrkjedepartement og Agder og Telemark bispedømeråd. Diakonitet har eit valt styre. Styreleiar er Oscar.J. Garnes, Vinje. Tokke kyrkjelege Fellesråd fører rekneskapen. Dalen er kontorstad for prostidiakonen.

2. ARBEIDSOMRÅDE

FORKYNNING OG UNDERVISNING OM DIAKONI.

Dette skjer gjennom gudstenester (14), møte med alle konfirmantane, kursverksemd, undervisning og skrivestykka i Vest Telemark Blad.

OPPRETTING OG OPPFYLGING AV DIAKONIORGANA I KYRKJELYDANE.

Det er diakoniutval i Kviteseid, Vrådal, Nissedal, Grunge og Fyresdal. Utvala har ansvar for blomehelsingar, helgemesse og diakonidagar. Diakoniutvala kallar jamnleg inn diakonen til møter.

SAMARBEID MED SOKNERÅD OG KYRKJELEGE TILSETTE I PROSTIET.

Samarbeidet skjer på mange felt. Ma gjennom å møte med sokneråd og diakoniutval. Elles deltek eg fast på prestemøta og samlingar som prosten kallar inn til.

OPPLÆRING OG UTDANNING AV FRIVILJUGE MEDARBEIDARAR .

Så godt som råd vert det prøvd å følgje opp dei friviljuge. Om ikkje anna er målet at dei ein eller annan gong gjennom året, får ei rose.

ARBEID MED Å STYRKE FELLESSKAP OG OG OPPRETTEOMSORGSGRUPPER.

Sist år har me hatt fem Leva-Vidare-grupper. (Edland og Kviteseid). Tre grupper har vore for born og unge. I alt 15 deltakarar har vore med i desse gruppene under leiing av diakonen. I samarbeid med Vinje-psykiatrien deltek eg i ei gruppe for dei som vil slutte å ruse seg.

ARBEID MELLOM DEI INNSETTE I SKOGSLEIREN I FYRESDAL

Det er månadelege visitorbesøk. Kvar gong er det mellom 10-15 innsette som drikk kaffe og et kake med oss. Fire visitorar deler på denne tenesta. Elles vert tilbodet om meir individuelle samtaler godt utnytta.(10). Oppslutninga om kyrkjeskysen varierar noko. Alt i alt er det 10 friviljuge medarbeidarar knytt til skogsleirarbeidet.

GJE HJELP TIL MENNESKE I AKUTTE, VANSKELEG LIVSSITUASJONAR.

Jamt over annan kvar veke kjem det nye kontaktar. Elles er det utrykningar i samband med arbeid i krisegruppene. Det vart delt ut fem oppmuntringspakkar til jol.

STOFF TIL KYRKJELYDSBLAD, AVISER OG RADIO.

Kyrkjelydsblada i prostiet får jamlege stoff. Etter kvart er kommunane sine heimesider ein fin plass å få ut ting. Diakonispalta i Vest Telemark Blad er ein fin måte å få ut diakonale drypp på. (37). Telemarksavisa har ei spalte kalla "Påfyll" med diakonistoff.(20) Radio og aviser har fått nokre pressemeldingar som dei har laga stoff av. Kring utspelet om alkoholpolitiske retningslinjer var det debatt på Telemarksendinga. Nytt av året er heimesida www.prostidiakon.no

HA KONTAKT MED OFFENTLEG SOSIALTENESTE OG HUMANITÆRE ORGAN.

Prostidiakonen er med i dei kommunale krisetema i Nissedal, Vinje, Tokke og Kviteseid og Fyresdal. Kontakten med skular, sosialkontor, barnevern og arbeidsmarknadsbedriftene er god. Sist år har eg delteke tre ansvarsgrupper.

MÅLA SOM VART VEDTEKE PÅ ÅRSMØTET I BRUNKEBERG 26.04.07 FOR 2008:

1. Diakonitet vil halde fokus på kva for verdiar som styrer utvikling i Vest-Telemark. Me vi sjå på nye høve til å arrangere "Verdiseminar".
2. Diakonitet vil taka del i utviklinga av gode trusopplæringsmodellar i Vest-Telemark.
3. Diakonitet vil framleis vera oppteken av nyfattigdomen i Vest-Telemark.
4. Arbeide for å gjere kyrkja meir diakonalt i høve til rusproblem.

VANDRINGSMEDITASJONAR FRÅ SELJORD TIL RØLDAL SOMMAREN 2007.

DAG 1: SELJORD μ MORGEDAL. VÅR FAR I HIMMELEN

Ved Seljord kyrkje ligg onkel Sveinung gravlagt. Ute på kyrkjegarden tenkjer eg på historia om gravferda etter gamle Olav. Presten fortalte om det gode mennesket Olav, men ikkje av dei mest trufaste kyrkjegjengarane. Då kjem det frå ein av sønene; ŠHan ville ikkje ha vore her i dag, om me ikkje hadde bore hanŠ. Heller ikkje fyrste gongen går me sjølve til kyrkja, men vert velsigna med vatn. Får eit usyneleg vassmerke på sjela. Vegen mellom vogge og grav er sjølve pilegrimsferda. Så får ein be og vona på ein velsigna veg. Rett mengde salt og søtt, vått og tørt. Onkel Sveinung ville ha vore ein god vegvisar vestover til Røldal. Ingen kunne som onkel peike ut gode vegar i terrenget. Han vart glad når han fekk eit kart i henda, og fekk hjelpe folk med å stikke skogsbilvegar. For å få til ein bra veg måtte ein alltid sjå bak neste sving og over neste topp, sa onkel Sveinung.

Då Olav Haraldssons følge kom oppover bakkane mellom Seljord og Brunkeberg, tok kongen til å tørste fælt, han stansa ved det første vatnet han kom over, grov nevane hardt i mosen og drakk: Š Godt vatn, kommanderte han, ŠDrikkŠ. Kongen drakk mykje for her var svært varmt. Telemarkingane stod og lea seg i vådmålen og undra seg over at kongen ikkje hadde større følge når han fór rundt i landet (Arvid T. Lie)

DAG 2: MORGEDAL- ØYFJELL LAT NAMNET DITT HELGAST

På vandringa vestover møter me kvar dag nye vegvisarar. Det er eit lite ekko frå Galilea når dei stille stig dei inn i pilegrimsflokken og seier kvardagslig; ŠFølg meg Š. Det var slike ord Jesus kalla sine læresveinar med. Då let dei bruk og garn vere, eller la bort hammaren. Dei gamle vegane er ikkje alltid lette å finne. Men vegvisaren er god å gå bak. Trygt følgje. Kjentmannen fortel om støyler og folk langs veggen. Inne i Morgedalsheiane handlar det om diktaren Aslaug Vaa. På støylen Fittjan sprang ho i barndomen før faren gjekk konkurs, og måtte selje eigendomen. Mange av dikta hentar inspirasjon frå naturen. Pilegrimsdagar er i seg sjølv vandring gjennom vakre dikt. Dikt som stemning og lydar, utan at ein må slite med tolkinga og finne mening i alt. Så blir eit kjærleiksdikt til ein trustyrkjande takk til Skaparen, og for ein gongs skuld held tvilen seg unna.

Av di eg veit du er til:

Difor brusar våren

difor brusar bekkene

difor glitrar bårane

difor kvitrar fuglane

difor stråler soli

difor blømer blomane.

Difor lever alt i meg. (Aslaug Vaa)



DAG 3: ØYFJELL-ÅMOT LAT RIKET DITT KOMA

Det er mangt ein kan tenkje på langs veggen. Natur og menneske går i eitt. I det eg bøyer meg ned for drikke i ein bekkeos, møter eg eit kjent andlet. Det var ho som ringte og sa ho hadde møtt veggen. No trengte ho nokon å snakke med. På trammen etter samtala spurte eg om ho om ho såg noko dør i veggen. Då såg på meg med sine gode augo: Š I dag vart du døra mi.Š Så fint å bli kalla dør. Langs veggen opnast dører av mange slag. Somme av dei er vidopne, andre har trutna rundt karmen, må handsamast forsiktig. Ein og anna har mista nykjelen, og får leita etter han ved seinare høve. Pilegrimar byggjer fellesskap med kvarandre. Deler tankar og opplevingar, og slepp å vera så oppteken av det som skiljer. Himmelen er høg over oss alle. Eg likte godt dikta til raulendingen Olav Flatastøyl, og ein gong vågå eg meg opp til den siste husmannen i Vinje kommune. Presentera meg som diakon, og Olav sa; ŠGildt du kjem, men du må vite at eg er kommunist og fritenkjar.Š Slikt kan det bli gode samtaler av.

Eg vil vera ei røyst for dei stumme

Dei ingen legg merke til

Som blir reikna for simple og dumme

Av dei som alt råde vil

Dei som står utanfor ringen

Stengde i krok og krå

Når livsleiken går over tilet

Og berre får stire på. (Olav Flatastøyl)



DAG 4: ÅMOT- MJONØY LAT VILJEN DIN RÅDA PÅ JORDA SLIK SOM I HIMMELEN

Etterkvart tek namna til dei andre på vegen til å feste. Me vert til nokon for kvarandre. Tarjei Vesaas har ein figur som heiter Tusten. Han er oppkalla etter ei tørrgran, og står ellers litt på utsida av bygdesamfunnet. Ein dag møter Tusten ein granne som ber han om ta på seg noko vedarbeid. Mannen kallar han med døypenamnet Mattis, og Mattis får ein identitet, vert nokon gjennom eit namn og ein som trur han kan jobbe. Det kunne godt vore eit Vårherre spørsmål. Ein gamal kollega meinte at ved sida å sjå Gud åsyn til åsyn i himmelen, ville den største openberringa vera kor viktig kvart einskildt menneske er. Alt det gode menneske gjer mot kvarandre vil bli lyft fram. Min himmellengt er ikkje stor, og himmelbiletet er heller små, men eg tenkjer det som ein kald vinterdag frå barndomen. Så etter mange timars snobasing blir ein ropa inn av mor. Til varm kakao og ferskt grovbrød med brunost på. Før ein får benke seg rundt eit bord med kjende andlet.

*Mors stille arm
når langt utover
gravkammeret i Vinje
I sol, toreslag
Og frost.
(Tarjei Vesaas)*

DAG 5: MJONØY-EDLAND GJEV OSS I DAG VÅRT DAGLEGE BRØD

Pilegrimane vert møtt med god augo langs vegen. Nevahelsingar, mat på bordet og spesielle pilegrimsprisar. Vest-telemarkingar nyttar latinske ord *ŠnådeŠ*, og seier at ting er gratis. ŠEr dei alltid så snille i Vest-TelemarkŠ, vart eg spurt etter ein retteleg god kling. Eg vert litt beit. Veit ikkje heilt kva eg skal seie. Men tek istaden til å tenkje på svigermødre. Eller ei heilt spesiell. Svigermor til apostelen Simon Peter. Ho var sjuk, fekk feber. Jesus hadde nett kalla Peter til å følgje seg, og ein kan lure på kor fornøgd svigermora var med det. Jesus kom forbi, tok henne i handa, og då slepte febereren, og svigermor stelte for dei, står det hja Markus. Det finaste ho kunne gje attende var å stelle. Inga kneling eller store ord som takk, men enkelt og greit godt stell.

*Dette: å vere i livet
Opent for alt ikring
Bunden med sterke røter
Til menneske og til ting
Gi både hjarte og hender
I omsorg som aldri svik
Var det som gav meining til ferda di
Og let deg få kjenne deg rik.
(Halldis Moren Vesaas)*



DAG 6: EDLAND-VÅGSLID -OG TILGJEV OSS VÅR SKULD SLIK ME OG TILGJEV VÅRE SKULDNARAR

Det fins sju hovudord for ein pilgrim. Sju verdiar som ein kan gjenoppdage langs pilegrimsvegen. Det handlar om det langsame liv, det enkel, det å dele, å ta inn stilla, vere utan uro, oppleve fridom og det åndelege liv. Staven pilegrimane ein bar skulle minne om å stø seg til Kristus, skoa var eit symbol for det langsame liv. Hatten skulle skydde mot sol og regn, og er eit teiken for det bekymringsfrie mennesket. Sekken skulle vera lite og alltid open slik at ein lett kunne dele med seg. Å vandre pilgrim er å vandre i Gud, Han som er den Han er. Det handler lite om å kunne noko eller å ha, men å vera. Det over eg meg på langs vegen. Leiter etter håp og samanheng. Ser dei andre pilegrimane som vandrande bøner, og gleder meg over det. Treng nok sjølv å rydde litt i livet. Ber om å få legge ting bak meg. Og så får eg heller leve med litt småstein i skoa. Tenker på ho som på eit seminar, fortalte om sin filosofi. Med låg stemme sa ho: ŠNår folk har slutta å tru på seg sjølv, treng dei noko som trur på dei.Š

Alt for mange lause ting, alfor myrkje krokjar. alt for mykje skummelt rot, alt for store flokar. alt for store rom, alt for mange ord, gjev alt for mykje å tenkje på. (Odd Nordstoga)

DAG 7: VÅGSLID-ULVÅ -OG LAT OSS IKKJE KOMA I FREISTING

Pilegrimsvandringa mi er inga botsvandring. Men mine svik dukkar likevel opp som innpåslitne bikkjer. Det handlar om ting i familien, min rikdom og forbruk men òg jobben. Eg hadde lova å gå med nattverd til ein sjuk mann. Men det heile forsvann for meg. Seinare vart eg klar over at eg vedkommande var død. Etter lang, lang tid våga eg meg på døra til ho som levde att. Vona at ho ikkje var heime. Men fekk stotra fram ei bøn om tilgjeving. Vart teken imot. Invitert til førmiddagmat. Fekk kaffi og skiver Eller brød, vin og tilgjeving, tenkte eg etterpå. Lettare kunne eg ikkje gå derifrå.

Jeg talte om Gleden i Haabet

Om Trøsten i Jesu Død

Om Naaden i Angers-Raabet

Og Hvilen i Abrahams skjød

Som Ordet da vederkveger

Og stiller de bitre Savn

Saa vied jeg Brød og Beger

Til Natverd i Herrens Navn (Magnus Brostrup Landstad)



DAG 8: ULVÅ-SVANDALSFLONA. MEN FRELS OSS FRÅ DET VONDE

Underleg dagar nærmar seg slutten. Ser for meg ein sein kveld i Den Dominkanske Republikk Under ein studietur med Kirkens Nødhjelp møtte eg metodistpastoren Osvaldo Ossers. Ein orkan hadde nett ramma øya. Fleire tusen var døde. Det kom eitt spørsmål om korleis slik ting verka på fattig folks tru. Om dei rett og slett missa trua når slikt hende, og fekk når om at Gud hadde svikta dei? Då seier Osvaldo: Š Utan Gud hadde me vore verkeleg fattige.ŠPilegrimsvandring gjev godt høve til å tenke over livets fristingar. Forbruk og materialisme trugar jordkloda. Då gjeld det å finne feste for liv og kvardag i det enkle og nære, for å kunne tå opp kampen for jorda.

Ro treng eit bån,

For å feste tægan til livet.

Rotfeste treng ein ungdom

For å opne blomen

Mot ljøset

Rotfeste treng eit menneske

For å bera bærer i motvind. (Olav Mosdøl)

DAG 9: SVANDALSFLONA- RØLDAL. FOR RIKET ER DITT OG MAKTA OG ÆRA I ALL ÆVE.

Eg hadde snakka mykje med han under fengslinga. Lagt alt eg hadde av terapeutisk kunne i samtalan. Kognetivt, systemisk og narrativ og eg veit ikkje. Han hadde missa år av livet for to minutt med raseri. Kunne ikkje tilgjeva seg sjølv det som hadde skjedd. Så etter ei av mange samtaler, takkar han meg og seier; Š Trur ikkje dette går. Du er trivelege å prate med. Men eg treng ingen terapeut, heller ein Frelsar.ŠMi pilegrimsvandringa går mot ein ende. Dei gamle pilegrimane hadde ei oppgåve etter at dei var kom heimatt: Å gje det gode dei hadde møtt langs vegen, vidare. Og eg stør meg på den tanken at kvar gong nokon gjer noko godt mot ein annan, er det Kristus som kjem att til jorda. Men eg er enno ikkje heimkomne.

Eg er ikkje den heimkomne

undervgs som eg er

tar eg vandrarens stav

går i vandrarens sko

men noko fekk eg gå mot

etter tørsten, etter angsten

etter bortgøynde tårer

Eg er ikkje heimkome

undervgs som eg er. (Ingebjørg Kasin Sandsdalen)



RESULTATVURDERING:

1. I år vart det ikkje halde Verdiseminar, men me var medarrangør på eit klimaseminar på Møsstrond. Ein fin dag med vel femti deltakarar. 2. Underteikna skaffar seg kompetanse på området gjennom å vera mentor for prosjektet i Hallingdal prosti og Bø kyrkjelyd. 3. Delte ut fem oppmuntringspakkar til jol. Har økonomirådgjerarar i bakhand om nokon treng fagleg hjelp på dette området. 4. Diakonaten har det siste året vore pådrivar for å politikarane til å drøfte det auka ruskonsumet i Vest-Telemark, og Vest-Telemark Rådet har drøfta saka. Elles er målet å vera tilgjengeleg for samtale med folk med rusproblem eller pårørande som slit, gjennom skriving i avis og kyrkjelydsblad ta opp rus som tema, ikkje minst i møte med konfirmantane.

3. STATISTIKK:HUSBESØK/SAMTALER VED PROSTIDIAKONEN I DEI ULIKE SOKNA

	2007	(2006)	(2005)	(2003)	(2004)
1. MØSSTROND	2	2	3	2	14
2. ØYFJELL	2	11	19	32	34
3. RAULAND	70	52	81	87	101
4. GRUNGE	38	27	39	16	23
5. VINJE /NESLAND	66	66	66	53	67
6. FYRESDAL	68	50	44	50	25
7. NISSEDAL	16	27	12	26	6
8. TREUNGEN	18	21	31	12	25
9. EIDSBORG/MO/ SKAFSÅ	109	130	152	189	108
10. LÅRDAL / HØYDALSMO	14	23	14	18	19
11. BRUNKEBERG	34	25	31	28	16
12. KILEN/FJÅGESUND	0	1	1	6	4
13. KVITSEID	68	48	59	75	51
14. VRÅDAL	30	14	4	18	17
15. SKOGSLEIREN	11	12	14	13	18
TIL SAMAN	547	510	570	625	518
Klienttelefonar	169	-	-	-	-

4. AKTIVITET

NISSEDAL 34 samtaler

delteke på eitt diakonitvalsmøte/ vore med på Vaksen-Førebuingskurs for 10.klassen på Fjone/delteke på bispevisitasen med bekransning av Rannei Rekkebos grav/delteke i arbeidsgruppe for "Verdsdagen for Psykisk helse" og vore med på temakveld i kyrkja i samband Verdsdagen.

FYRESDAL 68 samtaler

Hatt fire konfirmanttamar/eitt soknebod/ 13 besøk i skogsleiren/ ansvar for joleavslutning i skogsleiren/delteke på fire Fredagssamlingar på Pleie- og Omsorgsenteret/ eitt soknebod/

KVITSEID 132 samtaler

Halde andakt på joletreffest for Kviteseid skule/andakt på to formiddagstreff på Misjonshuset andakt på Bibelmisjonen i Brunkeberg/vore med Petter Skauen på undervisningsdag på Kviteseid skule/ undervist for 8.kl på Kviteseid skule om Klimaetikk og ansvar/delteke på konfirmantundervisning /gått med eitt dødsbod/tre krisegruppemøte/medansvarleg for Diakonens Dag i Brunkeberg og ei fastegudsteneste same stad/delteke på vigsling av lagsdiakon Reidun Nødland/ eit pensjonistmøte på KOS/ kåsert på Bygdetunet/eitt diakonitvalsmøte i Vrådal/ halde festtale på 4-H` s plakettfest i Vrådal/Leia ei Leva-Vidare gruppe/



RAULAND 75 samtaler

Seks konfirmanttimar/ preika på Møsstrond palmesundag og Diakoniens Dag i Rauland og helgemesse i Rauland/halde festtale på konfirmantfest/to soknebod/

TOKKE 123 samtaler

Preika på Diakoniens dag på Kommunehuset/ansvarleg for organisering av Fasteaksjonen i Tokke/ gjeve vegleiing til sjukeheimsdiakonen (7 timar)/medansvarleg for nystarta Ungdomsklubb på Dalen saman med sokneprest Svenning Jørgensen og "Ungdom hjelper ungdom"/ delteke på stabsmøtene på kyrkjekontoret/ Vore med i arbeidsgruppe under Vi-To kompetanse for å få til etablering av ein "Vere-stad." på Dalen/ tent jolegrana på Dalen

VINJE 104 samtaler

vore med på Diakoniens dag i Åmot og i Grunge/ undervist konfirmantar i Vinje og Grunge/andakt på Ljosmesse Åmot skule/leia to "Leva-Vidaregrupper" på Edland skule pluss ei gruppe for vaksne samarbeid med helsesyster/delteke på to Fasteaksjonsmesser med konfirmantane /delteke på fire ansvarsgruppemøter/ halde preike på Snøformingsfestivalen/delteke på Pilegrimsmesse i Vinje kyrkje/ eitt soknebod/ delteke på eldretreff i regi av Diakoniutvalet i Grungedal/ medarrangør for Klimaseminaret på Møsstrond/deltek i gruppe med folk som vil leve rusfritt.

TAL OG ARRANGEMENT FELLES FOR PROSTIET

Ansvar for diakonisamlinga for prostiet på Dalen/Diakoniprisen gjekk til "Ungdom hjelper ungdom" og lagsdiakon Reidun Nødland /fire styremøte i diakonatet pluss årsmøtet /medansvarleg for eitt konfirmant-treff for Tokke, Fyresdal , Vinje og Rauland /delteke på sju prestemøte / delteke på Vest-Telemark konferansen i Vrådal/distriktskontakt for Kirkens Nødhjelp/delteke på stand for Kirkens Nødhjelp på Dyrskuen i Seljord/ saman med prost Øyvind Jørgensen laga Fasteaksjonstoff i Vest-Telemark Blad /ansvarleg for spalta «Diakoni i Vest-Telemark »i Vest Telemark Blad/kyrkjeleg representant i pilegrimsnemnda i Vest-Telemark og bidragsytar til Pilegrimsboka/teke initiativ til ei pilegrimsvandring i samarbeid med psykiatri, Vi-To,DPS i Seljord og Kriminalomsorga(planlagt til august 2008)/ vore innkalla på to Vest-Telemark Råd-møte og Vest-Telemark Tinget i samband med saka om alkoholpolitikken.

-OG UTANOM PROSTIET

Medlem av sentralstyret i Det Norske Diakonforbund 2005-2008 /Delteke på to fagdagar med diakonane i bispedømet /Mentor for trusopplæringsprosjekta i Bø i Telemark og Hallingdal prosti (2004-2009/vore med på samling for mentorar i Oslo/ vore på fire dagers studietur til London saman med preste - og diakonfelleskapet i Vest-Telemark /saman med Una Høydal frå Vest-Telemark Museum halde temakveld i Odda om pilegrimsvegen frå Seljord til Røldal/ delteke kursdag " Diakoniens Dag" på Diakonhjemmet/ byrja arbeidet med ei inspirasjonsbok knytt til ny diakoniplan i samarbeid soknediakon Ivar Solbu i Sauherad.(i regi av Prostidiakonatet). Delteke på 20-års jubilet for Fjellgardane kyrkje på Hovden./ delteke på fagdag for Vest-Telemark prosti.

Takk for mykje godt samarbeid med kyrkjekontora, diakoniutvala og sokneråda. Takk til kyrkjevevja i Tokke som held orden på papir og praktiske ting. Takk til styret for Prostidiakonatet v/ styreleiar Oscar J. Garnes for inspirerende samarbeid gjennom mange år!

Dalen 3.01.2008

Eilev Erikstein. Prostidiakon i Vest-Telemark Dalen

Nytt frå diakonien i Vest-Telemark på www.prostidiakon.no

